Voss herad

Betaling av husleige

Faktura vert sendt ut 3 veker før forfall. Husleiga forfell alltid den 20. kvar månad. Faktura får du tilsendt anten i vanleg post, på e-post, som Avtalegiro, eFaktura eller i Digipost

Ca. 7 dagar etter forfall vert det sendt ut betalingspåminning dersom faktura ikkje er betalt. Det er ingen purregebyr på dette stadiet. Betalingspåminning har 14-dagars betalingsfrist. Det er viktig at du tek kontakt med oss tildeg dersom du ikkje klarar å betale innan fristen.

Dersom kravet framleis ikkje er betalt, går saka vidare til Kredinor, og det vert sendt eit inkassovarsel. Inkassovarsel har også 14-dagars betalingsfrist. På dette stadiet vert det lagt på gebyr og renter.

Dersom inkassovarsel ikkje vert betalt sender Kredinor ein betalingsoppfordring. Betalingsoppfordring har også 14-dagars betalingsfrist og er eit siste varsel før det settes i gang ein eventuell rettsleg innkrevjing.

Dersom det framleis ikkje er kome innbetaling på kravet, vert det gjort eit siste forsøk på å komme i kontakt med deg før det blir satt i gang rettsleg innkrevjing som tvangsdekning eller utlegg.

Dersom du skuldar fleire månadar med husleige kan heradet vurdere fråvik/utkasting.

Dersom du ikkje kan betala fakturaen tek du kontakt med økonomiavdelinga på 56519400 og vel tasteval 2, eller send e-post til okonomi@voss.herad.no